

Kjempar for bassenget

Tomme symjebasseng er sjølve symbolet på skral kommuneøkonomi. Rådmannen i Hjelmeland vil spare pengar ved å stenga skulebassenget i sju månader kvart år. Elevane i sjettede klasse ved Hjelmeland barneskule kjempar for å behalda vatn i bassenget heile året. Rådmannen går inn for å spare 400.000 kroner ved å stenga bassenget i sju måna-

der kvart år. Det skal berre vera ope i april, mai, juni, september og oktober. – Det verste med dette forslaget er at me blir dårlegare til å symja. Symjing er viktig kunnskap som kan redda liv. Det var over hundre menneske som drukna i Norge i fjor, seier dei fem sjetteklassingane som møter Strandbuen.

Strandbuen.no

Vil gjøre hyttefolk til sambygdingar

Et enstemmig kommunestyre har sagt ja til å utrede muligheten for at kommunens hyttegjester kan gjøre helårsbolig av hytta - og bli permanent bosatt. – Hovedformålet er at Kviteseid kommune, som så mange andre distriktskommuner, trenger flere innbyggere, og dermed skattebetalere. Det er hovedgrunnet til at vi gjør dette, sier Jon Ingebretsen til

Nationen. () – Til nå har rundt 10-12 hytteeiere med hytter her meldt sin interesse for å kunne ta i bruk hyttene sine som permanente boliger, og dermed melde flytting til Kviteseid. Flere er i tenkeboksen. Det dreier seg om både barnefamilier og pensjonister, sier han.

Nationen.no

Ryfylke IKS:

Slåst vidare for svart fiber

Visjonen om å vidareforedla vasskraft til datasenter-industri lever i beste velgåande i Ryfylke IKS.

Esther Moe

Ryfylke IKS tar mål av seg til å slåss fram den heilt avgjerande premissen for at Ryfylke og Norge, for den del, skal bli ein interessant stad for datagigantar som treng rein kraft til å prosessera og lagra data.

Småkongar

Svart fiber, data-motorvegar utan fartsreguleringar eller bomstasjonar, er det eine avgjerande. Det vanskelege er at dagens mangel på slike forbindelsar til utlandet i liten grad blir oppfatta som eit problem i det norske samfunnet.

– Dei som i dag sit på fiber, er i realiteten småkongar, og dei spreier tåke. I ein augneblink har dei svart fiber, i den neste, ikkje. Denne type infrastruktur må Staten ta ansvar for, me kan ikkje ha det som i dag, der me har fragmenterte løysingar og prisar som ikkje er konkurransedyktig.

Det seier regionutviklar Kjetil Barkved i Ryfylke IKS, som styrer prosjektet. Der nå både Haugaland Vekst og Greater Stavanger er kopla på og sit i styringsgruppa. Det gjer også Rogaland fylkeskommune, som med 1,4 millionar kroner frå sitt Ulla/Førre-fond nå sikrar prosjekt drift fram til neste sommar.

Høg og mørk i Ryfylke

Suldal har også sett ned ei gruppe som arbeider med aktuelle plasseringar for eit datasenter. Kvilldal har vore besøkt, men fortrinna med god tilgang på kraft og ei tilbaketrekt plassering, må også finna seg i å bli utbalansert av eksempelvis lang avstand til næraste flyplass og næraste internasjonale skule. Likevel trur Barkved at Ryfylke må vera litt høg og mørk på vegner av det me kan tilby.

– Indre Ryfylke har erfaring med å byggja og drifta solid infrastruktur og installasjonar som ikkje treng ekspertar som kjem langvegs frå med fly annakvar veke, påpeikar han.

Kvilldal er med

– *Kvifor skal Suldal vera med på dette?*

– Dette er så stort at eg trur ingen kommune i Rogaland kunne løfta det åleine. Det er ikkje sånn at om me, for eksempel, får ei lokalisering i Gismarvik, så er behovet fylt. Dette er ein bransje i vekst, seier



Ketil Barkved (t.v.) i Ryfylke IKS (RIKS) opplever stor interesse for datasenter lokalisert i Ryfylke og Rogaland. Her frå eit møte med Espen Thompson som også har arbeidd med prosjektet i RIKS og stortingsrepresentant Iselin Nybø (V) som har engasjert seg sterkt i saka.

Barkved, som hevdar at verken Kvilldal eller Suldal er ute av dansen når det gjeld plasseringsspørsmålet.

Teieplikt

Men nå handlar det først og fremst om å få ferdigdekt forretningsbordet sånn at investorane blir freista, at kapitalen kjem, og at eventyret kan bli verkeleg.

Anten ved at nokon fattar interesse for å vera med på ein fiberleidning, eller ved at prosjektet klarer å dyrka fram ei tomt/lokalisering som kan freista ein aktør i marknaden.

Ryfylke IKS og Barkved har fått med Dag Aanonsen, som kjenner bransjen inn og ut, på laget. Saman reiser dei nå rundt og møter potensielle aktørar og investorar som må underteikna teiepliktklausular før dei får planane presenterte.

Blir lagt merke til

– Me møter aktørar som vil ha den energien me har her, som til dømes frå datasenter, fiber, bankar, investeringsselskap og energiaktørar. Og me merkar at det blir lagt merke til at dette kjem frå Ryfylke, konstaterer Barkved som også har fylkesordføraren i Rogaland, Solveig Ege Tengesdal, si interesse.

– Me har hatt fleire fiber-og datasentermøte på hennar kontor, ja.

Suldal kommune er representert i arbeids- og styringsgruppene med rådmann Øyvind Valen, Suldal Vekst-leiar Laila Steine og leiar i Suldal Næringsforening, Olav Lindseth, men prosjektet er langt frå lenger noko Indre Ryfylke-prosjekt, slik Barkved ser det.

– Me må tenka heile Rogaland, og me må få Staten på banen slik Finland gjorde det. Der gjekk Staten inn med 200 mil-

» fakta

To år etter

Det var Statnetts englandskabel-prosjekt som sette fyr på ideen om å få lagt fiber, motorveg for datatrafikk, i kabelen som skal gå mellom Kvilldal og England.

Det er to år sidan dåverande suldalsordførar Torkel Myklebust og dåverande hjelmeland-sordførar Trine L. Danielsen spelte opp ideen, som då hadde indre Ryfylke i hovudrolla. Det er for lengst klart at det ikkje blir fiber i englandskabelen, og at det ikkje står verken Suldal eller indre Ryfylke på prosjektet og dei mulege arbeidsplassane.

lionar kroner i aksjekapital for å få til ein fiber til tidlegare Aust-Tyskland. Straks etter fekk Finland ein kjempeaktør på banen som etablerte seg i landet med datasenter, konstaterer Barkved.

Ventar på minister-rapport denne veka

Denne veka ventar han spent på ein rapport som samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen (FrP) har bestilt som følge av det såkalla dokument åtte-forslaget som blant andre Venstres Iselin Nybø frå Rogaland var med å få fram i Stortinget i vår. Her ber Stortinget regjeringa leggja fram ei sak om korleis ein så raskt som muleg kan bli etablert fleire fiberkabler til utlandet for å styrkja grunnlaget for grøne datasenter.

– Me har sjølv sagt vore med å lobba inn mot den og er veldig spent på kva som vil stå der, erkjenner Barkved.

Rådmannen i Suldal:

Vil stå på fleire industri-bein

Kommunestyret la i fjor inn 8 millionar kroner til eit potensielt aksjekjøp i eit datasenterselskap, pengar som eventuelt skal lånefinansierast.

Eitt år etterpå kjem nå rådmannen i sitt budsjettforslag med eit opplegg som inneber at ikkje alle dei åtte mil-

lionane skal vera klistra til fiber/datasenter.

– Me foreslår at to millionar kroner fortsatt er øyremerkte datasenter, men har fått råd om at det kan vera bra å jobba for å trekkja til oss fleire typar kraftkrevjande industri. Derfor er vårt

forslag at 2 millionar blir sett av til næringsområde-kjøp og at ein million blir avsett til "prosjekt ny industri" til Suldal. I tillegg vil rådmannen bruka totalt to millionar kroner til reiselivs/næringsutvikling.